

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 76 Dei kloke.

Tilleggsspørsmål nr.

Emne: Dei kloke

Oppskr. av: Johannes Hidle

(adresse): Reilstad

Fylke: Rogaland

Herad: Sjernarøy

Bygdelag.

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Dei "kloke."

Dei gamle klara seg utan dokter, Berre i sume høve fekk dei tak i han. Var det noko mindre, vart det ty til kloke menn eller koner, som var ~~xxx~~ meir vanleg. Det galdt trekkja tenner, ~~helst~~, og so koppa eller ~~egla~~, som dei jamt brukt, no er dette meir slutt.

Eg minnest ikkje slike "kloke" heima frå med eg var liten. I andre bygder hadde de sume som koppa. Eg minnest ein gong der kom ein fra Finn-Öy, som skulde årelata ei gjenta me hadde. Ho sette foten i vassbytta, so hogg han hol på ~~ei~~ åder med ein sneppert, og ho blødd ~~ei~~ vassbytta.

Eller hjelpte dei seg med gamle husråder til vanleg, men desse kjenner eg lite til. I andre bygder skulde dei havt kloke koner, soleis ei på Nedstrand som eg har høyrte om, og ho skulde jamt ha vore heldeg med rådene sine. Der skulde ha vore etter der slike råder gjekk i arv.

15552